



Jostein Røysland er heldig eigar av denne 1956-modellen som utstrålar kulturhistorie og nostalgiske kjensler.

**Ein del uskedelingar har nok lagt merke til Jostein Røysland når han kjem køyrande gjennom bygda på motorsykkel i det siste. Det er slett ikkje rart, for han er den heldige eigaren av ein trehjula motorsykkel 1956-modell. Bak har sykkelen ein trekasse med god plass til å frakta ting ein ønskjer å ha med seg.**

Eigaren, Jostein Røysland, som bur oppfor hovudvegen like utanfor Kleivadalsvingen, kan fortelja at motorsykkelen er ein Tempo Villiers med 150 kubikk motor. Den vart først registrert i Finnmark i 1956, og brukar framleis dei opprinnelege skiltnummera. Etter tur sørover med Hurtigruta var den innom ein eigar i Stavanger før den hamna i Vennesla.

I Vennesla var den då kameraten Egil Pile oppdaga den på nettet. Han visste at Jostein var på jakt etter ein slik sykkel og melde frå om det. Dermed reiste dei to til Sørlandet og henta den. Eigaren hadde ikkje brukt sykkelen, og den stod lagra i deler i ein kasse i garasjen. Dermed visste ikkje Jostein om han fekk den til å gå då han kjøpte den.

Det viste seg at det meste av deler var der, men litt måtte lagast. Blant anna hjalp Jan Berntsen i Korsnes med å laga sporkilar.

No går den 59 år gamle motorsykkelen som ei klokke, og Jostein brukar den i finveret mellom anna til butikkurar.

Det har sin spesielle bakgrunn at Jostein var på jakt etter akkurat denne typen. Ein slik motorsykkel var nemleg den første han køyrde på bakkane heime på Løfallstrand i 8-10 årsalderen. Det var ein kompis av faren som eigde sykkelen. Etter dette har han hatt eit spesielt forhold til slike trehjulingar, og no har han endeleg eit flott eksemplar i si eige.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.